

5



ØVING \ SEKSUELL KOMMUNIKASJON

FORKLARING:

1. Undervisaren går gjennom temaet seksuell kommunikasjon.
2. Undervisaren introduserer øvinga.
3. Elevane tek for seg éin og éin situasjon.
4. Undervisaren leier ein klassediskusjon rundt refleksjonsspørsmåla.

REFLEKSJONSSPØRSMÅL:

- Kva er den mest sannsynlege måten å reagere på i denne situasjonen?
- Kva er dei mest alvorlege konsekvensane denne situasjonen kan føre til?
- Kva er den beste reaksjonsmåten for partane i denne situasjonen?

SITUASJON 1

Jens er veldig forelsa i Nora. Dei er på fest saman, og Jens synest det verkar som om Nora flörtar ein del med han, men ho er ganske full, så han er ikkje heilt sikker. Han ser at ho vaklar inn på eit soverom, og han blir uroleg for korleis det går med henne. Inne på soverommet ligg ho i senga, og han legg seg ved sida av henne og spør om ho er ok. Ho svarer ikkje, men kyssar han. Dei begynner å kline, og Jens trur at han kan ha sex med Nora no.

Reflekter over situasjonen ved hjelp av spørsmåla ovanfor.

SITUASJON 2

Ida og kjærasten har vore saman ei stund, og Ida synest det er på tide at dei har sex. Ho begynner å ta på kjærasten, som gir god respons. Men etter kvart som Ida begynner å ta av kjærasten undertøyet, synest Ida kjærasten verkar stille og rar. Det er neste som om kjærasten frys til. Ho tenkjer at det sikkert berre nervøsitet, og held fram.

Reflekter over situasjonen ved hjelp av spørsmåla ovanfor.

SITUASJON 3

Adam er på fest med ein gjeng på trinnet over. Han har ikkje drukke særlig mykje før, men merkar no at han begynner å bli full. I eit hjørne av sofaen sit Kristoffer, ein kompis. Adam er veldig begeistra for Kristoffer, og går bort til han. Kristoffer verkar glad for å sjå han, og dei begynner fort å kline. Men plutselig trekkjer Kristoffer seg unna, seier «kva faen skjedde no?». Adam blir skuffa, men også sint, Kristoffer var jo med på det.

Reflekter over situasjonen ved hjelp av spørsmåla ovanfor.

SITUASJON 4

Said og Sofie går på same skolen og har vore kjærastar ei stund. I det siste har Sofie begynt å vilje kline og ta på Said på skolen. Ho kan gå forbi han og slå han på rumpa i forbifarten. Said synest det er veldig ubehageleg, men veit ikkje kva han skal gjere med det.

Reflekter over situasjonen ved hjelp av spørsmåla ovanfor.

SITUASJON 5

Hien og Caroline skal ha samleie. Hien har teke med eit kondom, men han veit ikkje heilt når det passar å ta det fram. Han veit at Caroline er meir erfaren enn han. Når han tek det fram, seier Caroline at dei ikkje treng å bruke det. Hien har hatt ubeskytta sex tidlegare, men ønskjer helst å bruke kondom.

Reflekter over situasjonen ved hjelp av spørsmåla ovanfor.

SITUASJON 6

Elle og Joavnna deltek i ei stor bryllaupsfeiring. Dei har flørtat heilt sidan dei kom, og Joavnna begynner å ta på Elle under kofta. Elle synest det er fint å bli teken på, men ho vil ikkje at han skal gå høgare opp. Ho seier «nei», og dyttar handa hans lenger ned. Joavnna held fram med å prøve seg, han ler det bort og seier «eg veit du vil».

Reflekter over situasjonen ved hjelp av spørsmåla ovanfor.